



SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK
IKS
Meatjønnsvegen 43
5412 STORD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Astrid Holte, 5557 2319

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved SIM IKS Svartasmoget - deponi

Kontrollnummer: 2021.393.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Ole Johannes Støle, Malvin Helland Andahl,
Janne Hillersøy

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Gøsta Hagenlund, Astrid Holte

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved SIM IKS Svartasmoget – deponi den 26. og 27. mai 2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 7 avvik og 1 merknad under inspeksjonen.

Avvik:

1. Verksemda har deponert avfall som ikkje oppfyller mottakskriteria og som har mangelfull basiskarakterisering
2. Lagring av avfall på deponiet skjer ikkje i tråd med vilkåra for anlegget
3. Oppsamling, overvaking og handtering av sigevatn er ikkje i samsvar med krav i løyve
4. Overvaking av deponiet har manglar
5. Verksemda har ikkje tilstrekkeleg oversikt over deponiutviklinga
6. Verksemda sørger ikkje for at utslepp av deponigass er lågast mogleg
7. Risikovurderinga har manglar

Merknadar:

1. Verksemda bør vurdere om dei kan redusere mengda overvatn til sigevass-anlegget

Avvik og merknadar er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Astrid Holte
senioringeniør

Kopi til:

Fitjar kommune Postboks 83 5418 FITJAR

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: SIM - SVARTASMÅGET MILJØSENTRAL	
Organisasjonsnr.: 973793268	Eigd av: 958284837
Bransjenr. (NACE-kode): 38.210 - Behandling og disponering av ikke-farlig avfall	

Kontrollert eining

Namn: SIM Svartasmoget - deponi	Anleggsnr.: 4615.0010.05
Kommune: Fitjar	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Deponi for ordinært avfall	
Løyve gitt: 29.06.2009	Sist endra: 20.11.2020

Kontrollert eining

Namn: Sim Svartasmoget - anlegg for kompostering	Anleggsnr.: 4615.0043.01
Kommune: Fitjar	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Biologisk behandling av org. avfall	
Løyve gitt: 12.12.2016	Sist endra: -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år, og inngår i ein lokal aksjon for tilsyn med avfallsdeponi i fylket.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Tekniske innretningar og oppbygging av deponiet
- Mottakskontroll
- Drift av sigevasss-reinseanlegg
- Drift av gassanlegg
- Utsleppskontroll
- Overvaking
- Internkontroll

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

SIM IKS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan 31. desember 2021 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde (handlingsplan med tidsfristar). Vi ber også om at de sender inn ei kort utgreiing om korleis merknader er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgd opp med ny kontroll.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland.

4. Varsel om endra gebyrsats

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 27. april 2021.

Gebyr vert fastsett og innkrevd med heimel i forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkreving av gebyr til statskassa for Statsforvaltaren sine kontrollar. Ved fastsetting av gebyrsats skal forventta ressursbruk knytt til sakshandsaminga eller kontrollen leggest til grunn.

I informasjon om gebyrsats varsla vi på bakgrunn av forventta ressursbruk eit gebyr på kr 33 800,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Ressursbruken knytt til tilsynet har blitt større enn forventta, og vi varslar derfor at gebyr for tilsynet vert kr 50 700,-. Dette svarar til gebyrsats 5 for fleirdagstilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-8. Dersom de har merknadar til dette varselet, må dei sendast til Statsforvaltaren innan tre veker. Gebyret blir deretter fastsett i eige vedtak.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp*, www.norskeutslipp.no.

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemnda har deponert avfall som ikkje oppfyller mottakskriteria og som har mangelfull basiskarakterisering

Avvik frå:

- Løyve til deponiet sist endra 20. november 2020
 - punkt 2.1 Registrering og kontroll ved mottak av avfall
 - punkt 2.3 Avfall som kan deponerast
- Avfallsforskrifta kapittel 9
 - § 9-4 punkt b) om forbod mot deponering av flytande avfall
 - Vedlegg II punkt 1.1 Basiskarakterisering
- Vedlegg II punkt 1.4 Kontroll
- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 2 om kunnskap

Kommentarar til regelverket

I punkt 2.1 i løyvet er det mellom anna følgjande krav:

Det skal gjennomførast kontroll av alt avfall som taksast i mot. Kontrollen skal klarleggje om forskrifta sine krav til behandling av avfallet er oppfylt før deponering, og om innhaldet i avfallet er i strid med løyvet eller interne retningsliner for kva som kan takast imot. Mottakskontrollen skal minimum følgje krava fastsett i avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II.

Ein tilfredsstillande mottakskontroll føreset kompetanse om kva som er farleg avfall og korleis dette skal handterast. Krava om kompetanse gitt i vedlegg 3, punkt 6.1 i kapittel 11, om farleg avfall i avfallsforskrifta gjeld for mottak av avfall på anlegget.

I punkt 2.3 i løyvet er det mellom anna følgjande krav:

Avfallet skal oppfylle mottakskriteria i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II om samansetjing, utlekkingspotensial, miljøverknader og andre eigenskapar for deponiet på kort og lang sikt.

I punkt d) i løyvet er det sett følgjande krav til mottak av forureina jord og forureina muddermasse:

Totalkonsentrasjonar av nokon stoff i forureina jord og forureina muddermasse til deponi skal ikkje overskride grensa for farleg avfall etter avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 2.

Før mottak av forureina jord og forureina muddermasse skal avfallet sine eigenskapar som har følgjer for deponiet på kort og lang sikt, vere kjent i størst mogleg grad, jf. avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II. På bakgrunn av denne informasjonen og tilhøve på deponiet skal det gjerast ei risikovurdering. Risikovurderinga må innehalde ei vurdering av spreingsfaren for innhaldet av forureiningar. Mobiliteten av stoffa må sjåast i samanheng med den aktuelle mengda. Vidare må det vurderast om mottak av massar kan påverke utsleppet frå deponiet, reinseanlegget eller føre til lukt. Om nødvendig må verksemnda gjere risikoreduserande tiltak.

Omgrepet forureina jord vert nytta om gravemassar frå lokalitetar med forureina grunn, jf. definisjonen av forureina grunn i forureiningsforskrifta § 2-3a). Kravet i punkt 2.3 d) i løyvet gjeld for deponering av slike massar.

I avfallsforskrifta § 9-4 punkt b) er det fastsett eit forbod mot deponering av flytande avfall.

Avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II punkt 1.1 har krav til innhald i basiskarakterisering av avfall som skal deponerast. Det er mellom anna krav til klassifisering av avfallet, og for nokre avfallstyper er det krav til dokumentasjon av utlekking ved både kolonnetest og ristetest. Det er også krav til at opplysningar om ekstra forholdsreglar skal vere kjent. Dette kan til dømes gjelde at avfallet har innhald av andre helse- og miljøfarlege stoff enn dei det er sett særskilt grenseverdi for i forskrifta. For avfall som oppstår jamleg, skal det det følge dokumentasjon på variasjon i innhald og eigenskapar, variasjon i desse eigenskapane, kva for eigenskapar som skal verifiserast og kor ofte. Det er avfallsprodusenten som skal basiskarakterisere avfallet. Basiskarakteriseringa må innehalde alle nødvendige opplysningar for at deponieigar skal kunne ta stilling til om kriteria for mottak er oppfylte og om avfallet kan deponerast.

I avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II punkt 1.4 er det krav til at driftsansvarleg skal avgjere om avfallet kan deponerast på bakgrunn av framlagt dokumentasjon.

I internkontrollforskrifta § 5 punkt 2 er det krav til at arbeidstakarane skal ha tilstrekkeleg kunnskap i det systematiske miljøarbeidet. Dette inneber mellom anna at dei tilsette må ha kunnskap om krav til klassifisering og basiskarakterisering i avfallsforskrifta og løyve, og korleis dette skal dokumenterast og kontrollerast.

Observasjonar

Avfall med mangelfull basiskarakterisering

Verksemda har deponert avfall med mangelfull basiskarakterisering. Når basiskarakteriseringa er mangelfull, har verksemda for dårleg grunnlag til å ta stilling til om kriteria for mottak er oppfylte og om avfallet kan deponerast. Følgjande avfall med mangelfull basiskarakterisering var deponert:

- Avfall frå AF Decom Offshore. I basiskarakteriseringa dagsett 13. januar 2021 er det oppgitt EAL 170903 som er farleg avfall og gjeld for «annet avfall fra bygge- og rivingsarbeid (herunder blandet avfall) som inneholder farlige stoffer». Samtidig er det kryssa av for at avfallet er ordinært avfall. I grunngjeving for valgt klassifisering er det opplyst at «Oppsopet er analysert på tungmetaller og TOC. Utlekkingstester er utført, så sink fra utlekking indikerer oppsopet for ordinært avfall.» Klassifisering av avfall skal gjerast på grunnlag av innhald av farlege stoff, og ikkje på grunnlag av utlekking, så informasjonen i basiskarakteriseringa er feil. Vedlagt er to analyser av faststoff som viser innhald av sink på 13 700 mg/kg TS og 26 100 mg/kg TS. Grensa for når avfallet er farleg avfall vil avhenge av kva form sink har i avfallet. Dersom sink har forma sinkoksid (ZnO), er strengaste kode for faresetning (H410) i ECHAs database 0,25 % eller 2500 mg/kg, og avfallet er dermed mest truleg farleg avfall. Det er også lagt ved både ristetest og kolonnetest av avfallet som viser at utlekkinga er under grensene for farleg avfall som kan deponerast på deponi for ordinært avfall. Utlekkinga tilfredsstillar dermed krav til avfall som kan deponerast, men avfallet skal deklarerast og deponerast i eigne celler jf. punkt 2.4 a) i løyvet. Feil i basiskarakteriseringa kan føre til feil i vidare handtering av avfallet, som at avfallet ikkje blir deklarerast og at det ikkje vert deponert i eigen celle for farleg avfall. Basiskarakteriseringa er sendt inn etter sjølve tilsynet, så vi er ikkje kjent med om dette avfallet er deklarerast eller deponert i eigen celle for farleg avfall.
- Avfall frå Ragn Sells avd. Bergen. I basiskarakteriseringa dagsett 12. mai 2021 er det oppgitt at avfallet er blanda, men det er ikkje opplyst prosentvis innhald av ulike fraksjonar, variasjon i eigenskapane, kva for eigenskapar som skal verifiserast eller dato for neste verifikasjon.

- Farleg avfall frå Storasund Marine Service Steiningsholmen Skudeneshavn. Total analyse og utlekking av blåsesand, oppdragnr 2020-2507 viser høgt innhald av kopar og sink som gjer at blåsesanden er farleg avfall. Det er vist resultat av ein utlekkingstest, men det er ikkje oppgitt om testen gjeld kolonnetest eller ristetest. Oppgitte grenseverdier tyder på at det er ein ristetest. Oppgitte verdiar ligg under grenseverdiene for deponering av farleg avfall på deponi for ordinært avfall. Det er imidlertid krav til dokumentasjon av utlekking ved både ristetest og kolonnetest dersom farleg avfall skal deponerast på deponi for ordinært avfall. Vi kan ikkje sjå at det er gjort kolonnetest for dette avfallet.
- Avfall frå Kværner AS. I basiskarakteriseringa dagsett 7. november 2020 er det oppgitt EAL-kode 190805 som gjeld for «slam fra behandling av avløpsvann fra byområder». Det er oppgitt at hentestad for avfallet er demoleringsanlegget på Eldøy, og at avfallet er sand frå filter i reinseanlegg. Vi legg til grunn at EAL 190814 som gjeld for «annet slam fra annen behandling av spillvann fra industri enn det nevnt i 19 08 13» er rett kode. Det er ikkje kryssa av for om dette er avfall som oppstår jamleg. Dersom det oppstår jamleg, skal det det følge dokumentasjon på variasjon i innhald og eigenskapar, variasjon i desse eigenskapane, kva for eigenskapar som skal verifiserast og kor ofte. Det er brukt ein gamal utgåve av skjema for basiskarakterisering frå 2010, som gjev mindre informasjon om avfallet enn seinare versjonar.
- Forureina jord frå Stord kommune (Grunnavågen VVA). Det er lagt ved dokumentasjon i form av eit notat med instruks for graving i og handtering av forureina grunn, men avfallet er ikkje basiskarakterisert i tråd med krav i avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II punkt 1.1. om basiskarakterisering. Verksemda har heller ikkje gjort ei særskilt risikovurdering med vurdering av spreingsfare før mottak av forureina jord slik det er krav om i punkt 2.4 d) i løyvet. Verksemda opplyste på tilsynet at dei ikkje hadde deponert forureina jord i 2020 og 2021, men eigenkontrollrapporten viser at det er deponert 1339 tonn lett forureina massar og 1603 tonn forureina massar i 2020. I 2019 vart det deponert til saman 6489 tonn av slike massar. Verksemda opplyste at dette gjaldt andre massar enn forureina jord. Som døme på kva type massar det gjaldt er det sendt inn notatet med instruks for graving i og handtering av forureina grunn for massane i Grunnavågen og analyseresultat. Jord frå lokalitetar med forureina grunn vert omtalt som forureina jord, og det er deponering av slike massar som er regulert av kravet i punkt 2.4 d).
- Slam frå eige reinseanlegg for sigevatn er deponert utan at avfallet er basiskarakterisert.

Avfall som ikkje oppfyller mottakskriteria

Verksemda hadde deponert følgjande avfall som ikkje oppfyller mottakskriteria:

- Flytande avfall. Dette gjeld vatn som renn av frå avløpsslam og sandfangsmassar som er lagt til av-vatning på deponiet. Avfallet var ikkje basiskarakterisert. Observert av-vatning av slam og sandfangsmassar i grop på deponiet er ein aktivitet som ikkje er innanfor rammene av løyve til deponiet eller komposteringsanlegget.



Bilde: avvatning av avløpsslam og sandfangs-massar oppå deponiet

Kunnskap om mottakskontroll

Manglar i mottakskontrollen omtalt over viser at verksemda har manglande kunnskap om krav i avfallsforskrifta til klassifisering og basiskarakterisering av avfall. Det vart opplyst at på grunn av corona-situasjonen hadde det vore vanskeleg å delta på kurs, men at kursing av tilsette var planlagt. I påvente av kurs vart tidlegare tilsette brukt til opplæring.

Avvik 2

Lagring av avfall på deponiet skjer ikkje i tråd med vilkåra for anlegget

Avvik frå:

- Avfallsforskrifta § 9-4 a) om forbod mot deponering av visse avfallstypar
- Løyve til deponiet sist endra 20. november 2020
 - punkt 7 Mellomlagring og behandling av avfall
- Løyve til komposteringsanlegget gitt 12. desember 2016
 - punkt 3.4 Krav til dekke
 - punkt 3.6.3 Lagring

Kommentar til regelverket:

Avfallsforskrifta § 9-4 a) om forbod mot deponering av visse avfallstypar

På ordinære deponi kan TOC-innhaldet vere maksimalt 10 %.

Punkt 7 i løyvet til deponiet regulerer mellomlager av utsorterte avfallsfraksjonar i påvente av vidare levering til slutthandsaming. Det er krav til at driftsprosyre og risikovurdering for lagringa skal inngå internkontrollen. Verksemda skal vurdere og setje i verk dei tiltaka som er nødvendig for å sikre at lagring ikkje fører til uakseptable utslepp til luft, jord og vatn eller ulemper for nærmiljøet.

Punkt 3.4 i løyve til komposteringsanlegget har krav til at lagring som kan føre til fare for avrenning minst skal gå føre seg på tett dekke med eigna oppsamling av avrenning.

Punkt 3.6.3 i løyve til komposteringsanlegget har krav til at komposten skal lagrast slik at ein til ei kvar tid har oversikt over lagringstid og mengde på lager.

Avviket er basert på følgende observasjoner:

På deponiet var det lagt avfall med for høgt TOC-innhald til at det kan deponerast, og som heller ikkje tilfredsstilte krava til lagring i løyve til avfallsanlegget eller deponiet, sjå bilde under. Dette gjaldt kompost og jordmassar, sjå bilde under. Det er uklart om jordmassane var forureina. Det var ikkje dokumentert på kart kor store mengder avfall som var lagra eller lagringstid for ulike delar. Det var uklart om komposten tilfredsstilte krava i gjødselvereforskrifta og kan brukast, eller om det var avfall som var kassert. Det organiske avfallet var ikkje lagra på fast dekke med eigna oppsamling. Det var ikkje dokumentasjon på innhald av forureining i avrenninga frå lagring av komposten eller jordmassane. Det var dermed manglande grunnlag for å vurdere risiko og tiltak.



Bilde: Kompostmassar



Bilde: Kompostmassar



Bilde: jordmassar

Avvik 3

Oppsamling, overvaking og handtering av sigevatn er ikkje i samsvar med krav i løyve

Avvik frå:

- Løyve til deponiet sist endra 20. november 2020
 - punkt 1.2 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg
 - Punkt 4.1. Tiltak for å redusere sigevassmengda
 - punkt 4.3 Sigevasshandtering
 - punkt 8.3 om vassbalanserekneskap
 - punkt 8.4 om overvaking av sigevatn

Kommentarar til regelverket

Deponiløyve punkt 1.2: Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, inkludert utslepp til luft og vatn, støy og avfallshandtering, er isolert sett uønskt. Jamvel om utsleppa vert haldne innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

Deponiløyve punkt 4.1: Tiltak for å redusere sigevassmengda

Det skal leggest til rette for at det dannar seg minst mogleg sigevatn i deponiet utover den vassmengda som trengs for å oppretthalde gassproduksjon. Alt sigevatn skal samlast opp. Verksemda skal ha kontroll med innsig og inntrenging av grunn- og overflatevatn og om nødvendig sette i verk tiltak for å redusere vassinntrenginga til deponiet. Reint overflatevatn frå omkringliggende areal eller innsig av reint grunnvatn skal ikkje tilførast sigevassnettet, men leiast separat utanom deponiet.

Det skal også vere kontroll med inntrenginga av nedbør i deponiet. Deponiet sitt nedbørsfelt skal avgrensast ved midlertidig avskjering av det aktive arealet som er ope for deponering. Oppsamlinga av sigevatnet og effekt av tiltak for å redusere vassinntrenginga til deponiet skal dokumenterast gjennom overvakingsprogrammet og vassbalanseutrekningar, jamfør punkt 8.2 og 8.3 i løyvet, og skal inngå i miljøovervakingsprogrammet, jf. punkt 8.5.

Deponiløyve punkt 4.3: Sigevasshandtering

Sigevatn frå alle deponiceller, anten dei er i bruk til deponering av avfall eller er avslutta deponiareal, skal samlast opp. Oppsamlingssystemet skal haldast vedlike for å hindre groe og tilstopping. Sigevatnet skal reinsast lokalt, i samsvar med prinsippet om beste tilgjengeleg teknikk (BAT), sjå forureiningsforskrifta kapittel 36, vedlegg II.

Deponiløyve punkt 8.3: Vassbalanserekneskap

Verksemda skal ha vassbalanserekneskap for siste kalenderår.

Deponiløyve punkt 8.4: Overvaking av sigevatn

Overvaking av reinseprosess og reinseffekt for reinseanlegget skal inngå i overvakingsprogrammet

Avviket er basert på følgande observasjonar:

Oversikt over vassbalanse

Vassbalanserekneskapen for deponiet er mangelfullt og er ikkje laga i samsvar med rettleiar frå Miljødirektoratet TA-2077/2005 Rettleiar om overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi. Dette er også etterlyst tidlegare, sjå brev frå Fylkesmannen i Hordaland 8. april 2016.

Verksemda har ikkje dokumentert at sigevassreinsinga er tilstrekkeleg optimalisering

Tatt i betraktning manglande overvaking av reinseeffekt vurdert opp mot drift av anlegget, og at relativt mykje vatn går utanom reinseanlegget, er det ikkje dokumentert at reinsinga er tilstrekkeleg optimalisert. Det er ikkje godtgjort at verksemda har gjort nok tiltak for å minske vassbelastinga på reinseanlegget, og det er ikkje i tilstrekkeleg grad vurdert nye tiltak som kan gi høgare reinseeffekt.

Verksemda har ikkje oversikt over reinseeffekten på sigevassreinseanlegget i 2020 og 2021. Overvaking av reinseeffekt er viktig for å sikre optimal drift av anlegget og lågast mogleg utslepp. Verksemda måler kvaliteten av reinsa sigevatn, men har ikkje sjølv sørga for måling av kvaliteten av ureinsa sigevatn for å vurdere reinseeffekten sidan 2018. I eigenkontrollrapporten via Altinn har verksemda berre rapportert eigne analysar, som var 2 prøvar av ureinsa sigevatn og 4 av reinsa i 2018. I 2019 og 2020 er det rapportert i Altinn at det er tatt 4 analysar av reinsa sigevatn og ingen av ureinsa.

Hardanger Miljøsenster gjennomførte i 2018 og 2019 eit prosjekt på eige initiativ for å vurdere reinseeffekten på anlegget. Resultata frå 8 analysar av reinsa og ureinsa sigevatn i 2018 og 11 analysar i 2019 er rapportert i årsrapporten for anlegget. Hardanger Miljøsenster vurderte at anlegget hadde god reinseeffekt i denne perioden, sett i lys av at anlegget er enkelt og utan tilsetjing av fellingskjemikal (opp mot 58 % for bly, 72 % for nikkell og rundt 30-40 % for krom, kopar, sink og arsen). Reinseeffekten er ikkje undersøkt etter dette.

Verksemda opplyste at dei tømte slam frå reinseanlegget til faste intervall. Det vert ikkje vurdert om dette var optimalt når det gjeldt reinseeffekt og slamflukt. Ved stor vassføring vart sigevatnet leia utanom reinseanlegget. Det er ikkje rapportert i eigenkontrollrapporten og går heller ikkje fram av årsrapporten kor stor del av utsleppet som går i overløp utanom reinseanlegget. Verksemda har målar og kan rekne ut kor mykje som går i overløp. For 2020 viser tala at verksemda slapp ut totalt 343 250 m³ sigevatn, av dette gjekk 236 270 m³ via reinseanlegget. 106 980 m³, eller 31 prosent av sigevatnet gjekk dermed utanom reinseanlegget.

Reinsinga fungerer normalt betre ved låg vassbelasting samanlikna med høg. Høg hastigheit ved utløpet kan også bidra til å virvle opp partiklar som heldt på å settle ut og dermed auke konsentrasjonen av enkeltstoff.

Estimert totalutslepp av PAH til resipienten frå deponiet i 2020 er større enn dei tre siste åra. Det er målinga i desember som er årsak til det auka estimerte utsleppet. I årsrapporten er det vurdert at «siden tilført PAH til resipientvannet vil spres over et stort område som følge av strøming i sjøen, så vil en neppe kunne påvise en økning av PAH nivået i sjøen eller i sjø-sedimentene som følge av sigevann.» Det er ikkje vurdert kva som kan vere årsaka, og om det bør gjerast tiltak.

Rapporten frå resipientgranskinga i 2019 viser at stasjon Stok 3 på det djupaste punktet i fjorden utanfor anlegget ikkje oppnår god kjemisk tilstand på grunn av høgt innhald av tre prioriterte PAH-sambindingar. Konsentrasjonen av desse stoffa har auka frå 2014. Verksemda har ikkje vurdert om utslepp av sigevatn kan vere kjelde til dei påviste stoffa, og om dei eventuelt kan gjere tiltak.

Manglande oppfølging av lekkasje av sigevatn

Overvatn vert ført gjennom deponiet i lukka rør. I årsrapporten for 2016 står det at «Utfra målingen som er gjort er det tydelig at vannet i bekken blir påvirket i rørledningen som går under deponiet. Det er sannsynligvis innsig av sigevann til ellevannet, noe som altså medfører tilførsel av løste salt,

jern og nitrogen.» Verksemda har likevel ikkje undersøkt leidningen som går gjennom deponiet med TV-inspeksjon sidan anlegget vart etablert i 1991.

Vurdering av effekt på bekk nedstrøms myrområdet er basert på feil føresetnader om kor prøvene er tatt nedstrøms deponiet. I årsrapporten for 2020 er det rapportert at «Prøvene som ble tatt i 2020 viste med omsyn på KOF, nitrogen og jerninnhold at det var en klar oppgang i konsentrasjonen i vannet etter at det har rent igjennom myrområdet. Dette er forventet siden myrjord gjerne vil tilføre vann nettopp organisk stoff og jern.» Rapporten legg til grunn at prøvene av bekk nedstrøms deponiet er tatt av vatnet som renn gjennom deponiet (ved punkt 1 på bildet under), medan driftsansvarleg som tar prøvene opplyste at prøvene var tatt av vatnet som kjem ut av avskjerande grøft (ved punkt 2). Dermed vil prøvene av prøvepunktet kalt bekk nedstrøms ikkje fange opp lekkasje i overvassrøret som går gjennom deponiet, men først bli påvist i prøvene av bekk nedstrøms myrområdet (punkt 3). I rapporten er det vurdert at årsaka til høgare verdiar nedstrøms myrområdet samanlikna med verdiane nedstrøms deponiet er tilførsel frå myra, men denne vurderinga er basert på feil føresetnader om plassering av prøvepunkt. Det er sannsynleg at lekkasje av sigevatn er årsak til auka innhald av KOF, nitrogen og jern. Lekkasje av sigevatn til bekken er ikkje følgt opp som avvik.



Avvik 4

Overvaking av deponiet har manglar

Avvik frå:

- Løyve til deponiet sist endra 20. november 2020
 - punkt 8.4 Overvaking av sigevatn, overflatevatn og grunnvatn
 - punkt 8.6. Rapportering
- Avfallsforskrifta kap. 9, vedlegg III punkt 3 om overvaking

Kommentarar til regelverket

Deponiløyve punkt 8.4 overvaking: Verksemda skal ha eit overvakingsprogram for sigevatn, overflatevatn og grunnvatn i tråd med krava i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg III og Miljødirektoratet sin rettleiar TA 2077, rettleiar om overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi. Programmet skal utarbeidast med bakgrunn i tidlegare overvakingsresultat frå deponiet og klarlegge avgrensinga av deponiet sitt påverknadsområde.

Programmet og eventuelle justeringar av dette skal vere godkjent av Fylkesmannen. Verksemda har ansvar for å sjå til at overvakingsprogrammet er tilstrekkeleg til å klarleggje eventuelle uakseptable utslepp frå deponiet til omgjevnadane.

Deponiløyve punkt 8.6: Rapportering: Registrering og kontroll av overvakingsdata etter vilkår 8.2 i dette løyvet skal rapporterast til forureiningsstyresmaktene i samband med årleg eigenrapportering med frist 1. mars, jf. avfallsforskrifta § 9-13. Rapporteringa skal skje via det elektroniske rapporteringssystemet Altinn.

Avfallsforskrifta kap. 9 om overvaking av grunnvatn: Overvakinga av grunnvatn må rettast mot grunnvatn som kan bli påverka av deponiet, med minst eitt målepunkt i grunnvatnet sitt innstrøymingsområdet og to i utstrøymingsområdet. Talet på prøvepunkt kan aukast på grunnlag av ei spesifikk hydrogeologisk undersøking og graden av trong for ei rask stadfesting av eventuelle utslepp av sigevatn i grunnvatnet som følge av uhell.

Avviket er basert på følgande observasjonar:

Rapportering via Altinn: I 2019 vart det gjennomført utvida program for overvaking av sigevatn og sigevass-sediment. Resultata er rapportert og vurdert i «Årsrapport miljøovervåking 2019», men analyseresultata er ikkje rapportert i rapporteringssystemet Altinn.

Oppdatert overvakingsprogram: Verksemda har ikkje sendt inn oppdatert overvakingsprogram til Statsforvaltaren, inkludert oversikt over prøvepunkt og rutinar for prøvetaking. Det er berre sendt inn overvakingsprogram for 2015 og for 2019. I tilbakemeldinga på programmet i 2015 skreiv vi at det ville vere meir hensiktsmessig å sende prøvetakingsprogram for lengre periodar, slik at det det også omfattar utvida program og resipientgranskingar. Vi bad vidare om at neste prøvetakingsprogram også inneheldt skriftlege rutinar for prøvetaking og kart med prøvepunkt. Vi kan ikkje sjå at dette er følgt opp av verksemda.

Manglande oppdatering av prøvetakingsprogram inkludert manglande kart over prøvepunkt og rutinar kan være ein årsak til feil vurdering av analyseresultat i bekk nedstrøms, sjå avvik 4.

Overvaking av grunnvatn: Sidan 2017 har grunnvatnet blitt overvaka i berre eitt målepunkt nedstrøms deponiet. Dette er ikkje tråd med minstekravet i forskrifta. Verksemda hadde fram til 2017 to brønnar nedstrøms for overvaking av grunnvatnet. I årsrapporten for 2017 er det opplyst at brønn 2 er tatt ut av programmet. Det er opplyst at årsaka var at brønnane var blitt berørt av arbeidet med avslutning av deponiet og etablering av bortleiing av overflatevatn. Det vart vist til at grunnvassbrønn 1 til dels ville vise vasskvaliteten for grunnvatnet i fjell under deponiet, og at verksemda derfor ikkje planla å erstatte brønnen som vart tatt ut av overvakingsprogrammet. Det er ikkje sendt inn oppdatert prøvetakingsprogram der denne endringa går tydeleg fram.

Avvik 5

Verksemda har ikkje tilstrekkeleg oversikt over deponiutviklinga

Avvik frå:

- Løyve til deponiet sist endra 20. november 2020
 - punkt 8.3 om oversikt over deponiutvikling

Kommentar til regelverket:

Verksemda skal årleg lage ein oversikt over deponiet si utvikling. Oversikten skal vise kor mykje areal som er tatt i bruk, avfallsvolum og avfallssamansetting, deponeringsmetodar, varigheit av deponeringa og deponiet sin attverande kapasitet.

Avviket er basert på følgande observasjonar:

Verksemda har ikkje ei samla oversikt over deponiet si utvikling, inkludert deponiareal som er tatt i bruk, kvar det er lagt avfall og kor store mengder.

Avvik 6

Verksemda sørger ikkje for at utslepp av deponigass er lågast mogleg

Avvik frå:

- Løyve til deponiet sist endra 20. november 2020
 - punkt 5 Deponigass

Kommentarar til regelverket

I punkt 5 i løyvet er det krav til at oppsamlingsanlegget skal drivast for eit miljømessig optimalt gassuttak, tilpassa deponiet sin storleik og venta/utrekna gasspotensial. Verksemda skal ha regelmessig kontroll med diffuse utslepp av deponigass og gassuttaksanlegget sin effektivitet. Det skal setjast i verk avbøtande tiltak for å sikre lågast mogeleg utslepp til luft. Verksemda skal regelmessig evaluere effektiviteten til gassuttaket frå deponiet og vurdere behov for oppgraderingstiltak.

Observasjonar

Verksemda kan ikkje dokumentere at drifta av gassanlegget er optimalt, og kontroll av gassanlegget og diffuse utslepp er mangelfull.

Det er ikkje gjennomført tilstandsvurdering av gassanlegget på lang tid. Rapportert årleg gassmengd er redusert dei siste åra, men i 2020 vart det registrert auka mengder. Verksemda har ikkje vurdert om endringane i registrert gassmengd er som venta ut frå gasspotensialet og utviklinga i deponiet eller om det er andre årsaker til endringane.

Regelmessig kontroll av diffuse utslepp av deponigass frå deponioverflata er mangelfull, og kontrollane var ikkje i tilstrekkeleg grad følgt opp med tiltak. Ved tilsynet vart det observert lukt av deponigass i overkant av deponiet. Det var ikkje undersøkt kva som var kjelda til dette eller gjort tiltak for å tette gasslekkasjen.

Avvik 7

Risikovurderinga har manglar

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 om risikovurdering og handlingsplan

Kommentarar til regelverket

Verksemda skal kartlegge fare og problem og vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal verksemda utarbeide handlingsplan og konkrete tiltak for å redusere risikoen. Risikovurdering og handlingsplan skal dokumenterast skriftleg.

Observasjonar

Risikovurderinga for anlegget var ikkje oppdatert ved vesentlege endringar, og vurdering av risiko mangla på nokre område.

Vurdering av risiko for uønskt utslepp av sigevatn til sjø var ikkje oppdatert sidan 2015, sjølv om det er etablert reinseanlegg for sigevatnet etter dette. Verksemda hadde vurdert risiko for farleg avfall til deponi, men vurderinga er ikkje oppdatert etter at hovudkontoret vart flytta frå Svartasmoget til Heiane, og tilsette i mindre grad er til stades på anlegget enn før.

Det var ikkje oppdatert risikovurdering av fare for utslepp frå deponiet til vassdrag, grunn og luft.

7. Merknader

Vi gav ein merknad under inspeksjonen.

Merknad 1:

Verksemda bør vurdere om dei kan redusere mengda overvatn til sigevass-anlegget

Kommentar:

Det er bygd fleire grøfter for avskjering av overvatn, men det bør vurderast om areal for sigevassdanning kan reduserast ytterlegare, til dømes ved å føre overvatn frå mellombels avslutta, tilsådde deponiområde, eller andre område med reint overvatn, utanom reinseanlegget.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Forurensningsforskrifta
- Avfallsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren